Foajéutstilling:

Planetarisk tåke

Kirsti van Hoegee

23. febr-20. april 2019

Kunsthuset Kabuso | Hardangerfjordvegen 626 | 5610 Øystese | www.kabuso.no

Kirsti van Hoegee

PLANETARISK TÅKE

Stjernehimmelen har gjennom alle kulturar hatt ei stor betyding for menneskjene på jorda. Dei har fungert som vegvisare, vore utgangspunkt for religiøs forståing og førestelling – små lyslegeme på himmelen – uendeleg langt vekk – eit lysande teppe som utgangspunkt for ei lang rekke sagn, legender og stjernebilete. Himmelkvelvinga har forma vår verdsforståing – og sjølvforståing.

Kirsti van Hoegee arbeider med førestillinga vår. Det me ser kan bli noko anna, små korn av støv eller klumpar med leire kan gje bilete av eit uendeleg univers. Verdsrommet er ein plass nesten ingen drar, men nokre få einsame skip bemanna med kamera har me sendt på ferd mot yttergrensa for verdas kartlegging. Det er i frå desse at dei konkrete bileta av verdsrommet er forma. Men er dei sanne bilete?

Finnes verkeleg alle desse lysande stjernene, har ikkje nokre allereie eksplodert eller falle inn mot svarte hol? Bileta i serien Planetarisk tåke minner oss på at me alle ein gong med undring har stira opp mot stjernene og undra over kva og korleis det eigentleg er der ute.

Og samstundes som teknolog gjer framstillinga og distribusjonen av betre og betre bilete frå lengre og lengre ut i verdsrommet mogleg, blir observasjon av stjernehimmelen med det blotte auge stadig vanskelegare grunna aukande lysforureining.

Fotografiane Planetarisk tåke snur problemstillinga på hovudet, dei er ikkje er blitt til ved at et kamera har retta linsa ut i verdsrommet. Her er små leirklumpar lagt på en skannar og fotografert. Grepet bringer ei ny forståing og eit nytt perspektiv til bileta. Dei minner om korleis man – bare ved å sjå tett nok – kan oppdage nye ørsmå, men likevel enorme mikrounivers.

Me er alle stjernestøv, syng Joni Mitchell, me er alle billion år gamal karbon. Hos van Hoegee mister avstand meining og storleik blir ambivalent informasjon. Men alt er laga av det same stoffet, eldgamal karbon, omdanna uendeleg mange gonger. Og det er berre tilfeldig at nokre gonger er det ein leirklatt på ein skannar og andre gonger ei brennande stjerne.

Sissel Lillebostad

Kirsti van Hoegee

I sine siste kunstprosjekt har van Hoegee undersøkt aspekt ved menneskje sitt forhold til universet, og korleis dette har endra seg i takt med framgangen til fotografiet og lyset sitt inntog.

De siste årene har van Hoegee hatt separatutstillingar ved Archipelago (Hordaland Kunstsenter), Haugesund billedgalleri og på House of Foundation (Moss). Vinteren 2017 ga hun ut fotoboken «Planetarisk tåke» på Forlaget H//O//F. Hun er aktuell med verk i utstillinga «Månen – fra vår indre verden til det ytre rom» på Henie Onstad Kunstsenter. Verka hennar er kjøpt inn av Voss kunstlag og Haugesund billedgalleri.